


Informasjon om helse- og omsorgstenester i Kommunalt pasient- og brukarregister

Frå IPLOS til KPR



IPLOS

Dersom du søker om eller tar i mot helse- og omsorgstenester i kommunen din, blir det registrert opplysningar om deg og behovet du har for hjelp. Desse opplysningane er ein del av journalen din og er konfidensielle. Berre dei som treng det i arbeidet sitt skal ha tilgang til opplysningane, og dei har teieplikt.

Nokre av opplysningane blir registrert etter ein eigen standard (IPLOS) og sendt til kommunalt pasient- og brukarregister (KPR).

Kommunalt pasient- og brukarregister (KPR)


KPR vil innehalde opplysningar om alle som får helse- og omsorgstenester frå kommunen. Registeret vil innehalde data frå alle tenester som er nemnde i lov om kommunale helse- og omsorgstjenester (lovdata.no).

Informasjon i KPR skal bidra til å:

- auke kvaliteten på helse- og omsorgstenestene
- sikre god planlegging og eit likeverdig helsetilbod uavhengig av kjønn, bustad og sosial status
- gi meir kunnskap om effekt av behandling og utbreiinga til sjukdomar, årsaker og forløp.

Kva opplysningar blir sende til KPR?

- kjønn, alder og kommune
- husstand
- behov for hjelp og assistanse i dagleglivet
- behov for hjelp og assistanse til å delta i arbeid, utdanning og fritid
- hjelp frå familie eller personar i nærmiljøet
- om du er vurdert av lege eller tannhelsepersonell i løpet av det siste året
- kva for tenester du får av kommunen
- om det er utarbeidd ein individuell plan og om du har ein koordinator
- relevante diagnosar som det er nødvendig å kjenne til for å gi deg riktige tenester



Det er viktig å merke seg at:

- Namnet ditt og adressa di vil ikkje vere registrert i KPR.
- Fødselsnummeret ditt blir lagra kryptert og skilt frå helseopplysingane dine.

Kven skal gi opplysingane om deg?

- Det er først og fremst du som skal gi opplysingane om situasjonen din til kommunen. Du har lovfesta rett til å vere med på å vurdere kva du treng av hjelp og assistanse og korleis tenestene skal bli gitt.
- Om andre enn deg skal gi opplysingar, må du gi samtykket til det.
- Kommunen kan ikkje be deg om opplysingar som ikkje har fylgje for situasjonen din.
- Det kan det vere nødvendig å ta kontakt med nokon av dine næraste, dersom det er informasjon du ikkje kan gi sjølv. Det kan også vere nødvendig å spørje andre tilsette i kommunen (til dømes fastlegen) eller eit sjukehus, om opplysingar.

Korleis blir opplysingane tatt vare på?

- Fødselsnummer blir tatt vare på kryptert.
- Dei som handsamar opplysingar i KPR har teieplikt.
- Utlevering av helseopplysingar som kan identifisere einskildpersonar frå KPR kan berre bli gitt til dei som har nødvendig løyve. Berre eit fåtal spesielt autoriserte tilsette kan handsame førespurnader om innsyn.

Innsyn i egne helseopplysingar

Du har rett til å:

- få innsyn i egne helseopplysingar i KPR
- få vite kven som har tatt imot helseopplysingar om deg og kva dei er nytta til
- stille spørsmål til sakshandsamarar om opplysingar som er registrert om deg
- melde frå om feil i opplysingane

Ber du om innsyn i egne helseopplysingar, kan informasjonen du får tilsendt vere vanskeleg å forstå. Vi oppmodar deg difor til å kontakte lege, helseinstusjon eller kontaktpersonen din i kommunen, både for å få hjelp til å fylle ut skjemaet og tolke svaret.

Reservasjon

Du kan reservere deg mot at helseopplysingar om deg blir levert frå KPR saman med fødselsnummer, eller mot utlevering av helseopplysingar til særskilde føremål.

KPR vil gi auka kunnskap og betre grunnlag for analysar og forskning. Det skal brukast til å utvikle og gi betre helse- og omsorgstenester i kommunane. Dersom mange reserverer seg mot utlevering av informasjon vil grunnlaget for denne kunnskapen bli dårlegare. Vi håpar du har tillit til at vi skal behandle dine data sikkert og korrekt.

Les meir om IPLOS og KPR på www.helsedirektoratet.no

Helsedirektoratet

Pb. 7000 St. Olavs plass

Tlf: 810 20 050

e-post: postmottak@helsedir.no

www.helsedir.no

Helsedirektoratet er ansvarleg for handsaming av data i Kommunalt pasient- og brukarregister.